

MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 21. og 22. mars 2024

Sted: Highland Hotel, Geilo

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor	Ål kommune
Pål Rørby	Hemsedal kommune
Sigrid S. IIsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete H. Gandrud	Flå kommune

Desse varaordførarane møtte:

Jørund Li	Ål kommune
Janne Brønnbo	Hemsedal kommune
Tom Rune Blakkestad	Gol kommune
Kristian Nordeng	Nesbyen kommune
Tor Egil Buøen	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune
Bente R Herdlevær	Nesbyen kommune
Ola Frogner	Hemsedal kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Karsten Dideriksen	Ål kommune

Desse møtte frå administrasjonen:

Jan Olav Helling, dagleg leiar
Maria Grevsgård, programleiar Sats på Hallingdal
Guro Flatland Veslehaug, Klimakoordinator

Buskerud fylkeskommune var ikkje invitert til denne samlinga.

SAK 18/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 16. FEB. 2024**Vedtak:**

Protokollen 16. feb. 2024 er godkjent.

SAK 19/24 REKNESKAP 2023**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2023 og at overskotet på kr. kr. 250 884 blir overført til disposisjonsfondet.

SAK 20/24 ÅRSMELDING 2023**Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga for 2023.

SAK 21/24 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2025 – 2028**Forslag til vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal ber dagleg leiar om å sette i gong ei rullering av strategisk plan for Hallingdal i samarbeid med kommunedirektørane. Saka skal opp i Hallingtinget i april 2024, før vedtak i okt. 2024.

SAK 22/24 KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL - MÅL OG TILTAK.

Klimakoordinator Guro Flatland Veslehaug orienterte om arbeidet med felles klimaplan. Regionrådet gav innspel til mål og tiltak og det vart ei drøfting omkring dette

SAK 23/24 REGIONALT SAMARBEID I HALLINGDAL**Regionrådet drøfta kva som er Hallingdal sin styrke og kva moglegheiter det gir****Kva er bra?**

- Godt etablert samarbeid og godt fagleg og politisk fellesskap
- Det regionale samarbeidet er godt forankra – det er ei styrke at me MÅ samarbeide
- Naturleg geografisk område og identitet
- Står godt saman mot ytre «krefter»
- Seks små kommunar med like utfordringar - ingen storebror
- Godt omdømme – sterk merkevare
- Godt vertskap

Moglegheiter

- Me toler å ta diskusjonar intern i regionen - diskutere dei vanskelege sakene i fredstid.
- Kommunane kan seie ifrå eller varsle tidleg om nye initiativ
- Ordførararane kan dele seg på ulike oppgåver og dele erfaringar frå ulike posisjonar
- Kommunane kan bli flinkare til å dele kompetanse, digitale ressursar
- Mogeleg å samarbeide innanfor musikk og kulturområde, beredskap, rekruttering, om å få folk i arbeid

- Om me skal fortsette å utvikle oss, må me vera tydeligare på å fordele kor ulike funksjonar er lokalisert. Offentlige funksjoner kan ein planlegge for, verre å styre privat
- Bli betre på å praktisere at me er ein bu, arbeids og utdanningsregion
- Kan bli betre på kommunikasjon

Kva er største svakheit, risiko eller trugsmål for det regionale samarbeidet

- Konkurranse om arbeidskrafta
- At me vil for mykje. Bør me spisse oss?
- At ein ikkje kjenner Hallingdal si historie godt nok, bakgrunnen for fordelinga av tenester i Hallingdal. Manglar kompetanse om kva som heldt oss saman
- Aukande forskjell i økonomi mellom kommunar
- Mangel på ressursar, me blir kannibalar på kvarandre , som ein kunne ha løyst om ein gikk inn eit samarbeid.
- At det er lett å unngå å prate om det som er litt vanskelig
- Det regionale helse-samarbeidet lagar krøll mellom kommunar og i hele regionen – lege, legevakt, helsetenester
- Kostnader i interkommunale tiltak aukar meir enn i kommunane
- Tillit og rausheit i praksis?
- Balanse mellom det tradisjonelle og det nyskapande

SAK 24/24 NASJONAL TRANSPORTPLAN - STATUS FRÅ SAMFERDSELSUTVALET

Først var det framlegging av NTP i «samsending med Ringerike». Deretter informerte Petter Rukke, leiar i samferdselsutvalet om stor aktivitet sidan oppstart.

- Møte med transportkomiteen i november 2023, med etterfølgande spørsmål om å «guide» komiteen på deira besøk i Hallingdal 16. januar
- Møte med Ringerikesregionen og Ringhall – Alliansen vedr. felles innsats før NTP
- Møte med LO - Buskerud vedr Fellesprosjektet E16 Ringeriksbanen
- Jernbanekonferansen 2024
- Dagens NTP framlegg og kva dette betyr for oss
- Vegen vidare

SAK 25/24 STØTTE TIL LANDSKAPPLEIKEN

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 50000 til Landskappleiken 2024 på Gol. Pengane skal takast av strategisk plan midlane i regionrådet

SAK 26/24 NTP - STØTTE TIL RINGERIKSREGIONEN

Vedtak:

Regionrådet vedtar at Hallingdal støttar Ringeriksregionen sitt kommunikasjonsarbeid i samband med NTP med kr. 100 000.

SAK 27/24 NTP - STØTTE TIL STØTTE TIL RINGHALL**Vedtak:**

Regionrådet avslår søknaden frå Ringhall-alliansen

Om Regionrådet for Hallingdal likevel ser at me har nytte av den kompetansen Ringhall-alliansen har, eller at Ringhall tek ein ekstraordinær jobb på eit område der ansvaret er delt, bør ein vurdere støtte frå gong til gong.

SAK 28/24 EVENTUELTT

Hallingting i Nesbyen 18. og 19. april.

Vedtak:

Hallingtinget i april går den 19. april og blir eit dagsmøte

Styremedlem til styret i Ungt Entreprenørskap i Buskerud**Vedtak:**

Regionrådet valte Tom Rune Blakkestad som Hallingdal sin representant i styret til Ungt Entreprenørskap i Buskerud.

Bu og blilyst – arbeidsdag 3. juni

Regionrådet var tydelege på at det må vera tilstrekkeleg med ordfører + vara og kommunedirektør denne dagen. Det betyr at ein ikkje inviterer heile formannskapet.

Møte med Valdres 16.-17. sept

Invitasjon er sendt ut

Fagråd for etableresenteret

Pål orienterte frå siste møte

Kvar ordførar informerte frå sin møter i ulike styre og utval

Hallingdal 8. april 2024

Jan Olav Helling

Dagleg leiar